

Utval: Fylkesutvalet
Møtestad: Fylkesutvalsalen, fylkeshuset, Bergen
Dato: 19.06.2014
Tidspunkt: 11:00-13.00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Parti	Merknad
Sveinung Valle	Medlem	A	
Marte Malones	Medlem	A	Møtte frå kl. 12.20
Nils-Olav Næss	Medlem	A	
Terje Søviknes	Medlem	Frp	
Silje Hjemdal	Medlem	Frp	
Tom-Christer Nilsen	Fylkesordførar	H	
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H	
Inge Reidar Kallevåg	Medlem	H	
Birthe Eriksen	Medlem	H	
Torill Selsvold Nyborg	Medlem	KrF	Møtte frå kl. 12.05
Benthe Bondhus	Medlem	Sp	
Aud Karin Oen	Medlem	SV	
Mona Haugland Hellesnes	Fylkesvaraordførar	V	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Parti
Astrid F. Selsvold	Medlem	A
Sigbjørn Framnes	Medlem	Frp

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Parti	Merknad
Siri Klokkestuen	Astrid F. Selsvold	A	
Rasmus Laupsa Rasmussen	Marte Malones	A	Møtte kl. 11.00-12.20
Gunnar Bakke	Sigbjørn Framnes	Frp	
Pål Kårbø	Torill Selsvold Nyborg	KrF	Møtte kl. 11.00-12.05

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Johnny Stiansen	Kst. fylkesrådmann
Anna Elisa Tryti	Fylkesdirektør kultur og idrett
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Annbjørg Laupsa	Fung. fylkesdirektør opplæring
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Arne Åsan	Fylkestannlege
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Fylkesdirektør organisasjon
Nils Egil Vetlesand	Fung. fylkesdirektør økonomi
Janne Værnø	Kommunikasjonsdirektør
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar

Gro Stien Thorvaldsen
sekretær

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 145/14	Godkjenning møteinnkalling		
PS 146/14	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 147/14	Referatsaker (Meldingar)		
RS 78/14	Svar på spørsmål frå fylkesutvalet - Ungdommens fylkesutval	2014/560	
RS 79/14	Transport av naturgass frå Kollsnes Næringspark til bunkringsanlegg på Halhjem - Oppfølging av fylkesordførarens svar i fylkesutvalet 30.01.2014	2014/10767	
RS 80/14	Handlingsprogrammet 2014 - 2017(23) frå Statens vegvesen - endeleg versjon	2014/16371	
RS 81/14	Prøveprosjekt med mobbeombod	2014/16324	
RS 82/14	Uttalelse fra kulturvernforbundets landsmøte	2014/16448	
RS 83/14	Tiltak for å forhindre rusmidlar i skulen	2014/15743	
RS 84/14	Utredninger og analyser til ny transportplan	2014/14900	
RS 85/14	Internasjonale aktivitetar ved dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune - Rapport 2013	2014/10200	
RS 86/14	Motorlaboratorium - Rubbestadneset vidaregåande skule	2014/14933	
RS 87/14	Svar på spørsmål om vegprosjekt som store spleiselag (eks. Jondalstunnelen)	2014/17306	
RS 88/14	Budsjett 2014 - gjennomføring av vedtak	2014/989	
RS 89/14	Nytteprinsippet - svar på spørsmål stilt i FUV 20.05.2014	2014/17239	
RS 90/14	Regionalt bompengeselskap - status	2014/17239	
RS 91/14	Høyring - FylkesRos Hordaland 2014	2014/15688	
RS 92/14	Haukanesberget - spørsmål om tilleggsarbeid	2014/989	
RS 93/14	Handsaming av overtalssaker våren 2014	2014/17305	
RS 94/14	Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr juni 2014	2014/356	
RS 95/14	Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2014 - pr juni	2014/1527	
PS 148/14	Delegerte saker		
DS 10/14	Fylkesveginvesteringar - omdisponering innafor programområde	2014/989	
PS 149/14	Status for utført EU prosjekt og framlegg til eit nytt nasjonalt Economusee prosjekt 2014-2016	2014/474	
PS 150/14	Bergen Filharmoniske Orkester 250-årsjubileum	2014/323	
PS 151/14	Premiss: Kultur - Regional kulturplan for Hordaland 2015 - 2025	2014/1442	
PS	Rehabilitering-ombygging-mindre tilbygg i skulesektoren -	2014/598	

152/14	budsjettfordeling nr. 4 - 2014	
PS 153/14	Årsbudsjett 2015 / Økonomiplan 2015-2018. Økonomiske føresetnader og rammer.	2014/14001
PS 154/14	Samarbeidsprosjekt mellom Hordaland fylkeskommune- Lønborg videregående skole- og Tanga International Competence Center	2014/16323
PS 155/14	Ikt-strategi for opplæringssektoren 2014-16	2014/16545
PS 156/14	Praksisbrev - forsøk med etablering i Hordaland 2015	2014/12056
PS 157/14	Etablering av karrieresenter i Hordaland	2014/16238
PS 158/14	Namn på produksjonsskule	2014/17363
PS 159/14	Rutebanken - felles forvaltning av rutedata og elektronisk billettering.	2014/16739
PS 160/14	Utarbeiding av moglegheitsstudium for fylkesvegsamband med tilknytning til E39 Aksdal-Os	2014/15115
PS 161/14	Sotrasambandet - Rapport om dimensjonering av ny Sotrabru for framtidig bybane - Orienteringssak	2014/10587
PS 162/14	Prosjektet - Spontan samkøyring - og etablering av ein offentleg samkøyringsplattform	2014/1340
PS 163/14	Regional plan for vassregion Vest-Viken - utsending på høyring	2014/16551
PS 164/14	Regional plan og tiltaksprogram for Vassregion Hordaland – utsending på høyring	2014/16490
PS 165/14	Regional plan for vassregion Rogaland - utsending på høyring	2014/16587
PS 166/14	Klimaplan for Hordaland - handlingsprogram 2014 - til lenging av Clean North Sea Shipping-prosjektet for Bergen hamn	2014/11255
PS 167/14	Søknad om investeringstilskot til etablering av landstraumanlegg i Bergen hamn	2014/17149
PS 168/14	Oppstart av regional plan for kompetanse og arbeidskraft	2014/17126
PS 169/14	Godtgjersle til elektroniske kommunikasjonstenester	2014/12509
PS 170/14	Sommarfullmakt til fylkesordføraren	2014/17302
PS 171/14	Ymse	

PS 145/14 Godkjenning møteinnkalling

Saksprotokoll i fylkesutvalet – 19.06.2014

Sak 161/2014 "Sotrasambandet - Rapport om dimensjonering av ny Sotrabru for framtidig bybane - Orienteringssak" vart behandla som RS (referatsak/melding).

Sak 170/14 "Sommarfullmakt til fylkesordføraren" vart trekt fordi problemstillinga er regulert i delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune punkt 3, "Fullmakt til fylkesordføraren".

Vedtak

Ut over dette vart innkallinga og saklista godkjende utan merknader.

PS 146/14 Godkjenning møtebok forrige møte

Saksprotokoll i fylkesutvalet – 19.06.2014

Vedtak

Møteboka frå fylkesutvalet 11.06.2014 vart godkjend utan merknader.

PS 147/14 Referatsaker (Meldingar)

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.06.2014

I samband med RS 86/14 Motorlaboratorium - Rubbestadneset vidaregåande skule, spurde **Inge Reidar Kallevåg** når saka kjem til politisk behandling. Kst. fylkesrådmann svarte at saka vert lagt fram når finansieringa av heile prosjektet er nærare avklara.

I samband med PS 161/14 Sotrasambandet - Rapport om dimensjonering av ny Sotrabru for framtidig bybane – Orienteringssak (som var omgjort til referatsak) spurde **Aud Karin Oen** om kva for behandling problemstillinga vil få. Fylkesordføraren opplyste at saka vert lagt fram for kultur- og ressursutvalet, samferdselsutvalet og fylkesutvalet til hausten.

I samband med RS 81/14 Prøveprosjekt med mobbeombod etterlyste **Rasmus Laupsa Rasmussen** tildelingsbrevet. Utlisingsteksten, Hordaland fylkeskommune sin søknad og tildelingsbrevet frå Utdanningsdirektoratet vart utdelt i møtet og går som melding til neste møte. Fylkesordføraren viste til svaret sitt i fylkestinget 12. juni 2014.

I samband med RS 79/14 Transport av naturgass frå Kollsnes Næringspark til bunkringsanlegg på Halhjem - Oppfølging av fylkesordførarens svar i fylkesutvalet 30.01.2014 hadde **Aud Karin Oen** sendt inn slikt spørsmål:

"Transport av naturgass frå Kollsnes Næringspark til bunkringsanlegg på Halhjem
Viser til melding, spørsmål og svar om dieselbilar til transport osv.

Dei to alternativa som er skisserte er etter SV sitt syn ikkje dei beste. Kvifor ikkje velja å få meir av gasstransporten over på sjø? Dette er det tverrpolitisk einigheit om både lokalt og nasjonalt. Fylkesordføraren er kjent med dei store trafikkproblema som er på Sotrasambandet og det ville både av sikkerheitsmessige, miljømessige og "kømessige" grunnar vore føremålsteneleg å få denne trafikken over på sjø.

Er det mogleg å få ei politisk sak på dette for å øve trykk for å få til ei betre løysing?"

Fylkesordføreren svarte slik:

"Fylkesordføreren vil sterkt anbefale at fylkeskommunen ikke går inn og forsøker å detaljstyre enkelttransportørers transportvalg. Det er ingen ting som tyder på at transporten fra dette enkeltsselskapet har noen spesiell eller vesentlig betydning for køsituasjonen på Sotrabroen. Fylkesordføreren vil sterkt anbefale at det ikke legges frem en politisk sak rettet mot ett enkeltsselskaps transportvalg."

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Det vert lagt fram politisk sak om transport av naturgass frå Kolsnes Næringspark til bunkringsanlegg på Halhjem."

Røysting

Oen sitt forslag fekk 3 røyster (SV, Sp, KrF) og fall.

RS 78/14 Svar på spørsmål frå fylkesutvalet - Ungdommens fylkesutval

RS 79/14 Transport av naturgass frå Kollsnes Næringspark til bunkringsanlegg på Halhjem - Oppfølging av fylkesordførarens svar i fylkesutvalet 30.01.2014

RS 80/14 Handlingsprogrammet 2014 - 2017(23) frå Statens vegvesen - endeleg versjon

RS 81/14 Prøveprosjekt med mobbeombod

RS 82/14 Uttalelse fra kulturvernforbundets landsmøte

RS 83/14 Tiltak for å forhindre rusmidlar i skulen

RS 84/14 Utredninger og analyser til ny transportplan

RS 85/14 Internasjonale aktivitetar ved dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune - Rapport 2013

RS 86/14 Motorlaboratorium - Rubbestadneset vidaregåande skule

RS 87/14 Svar på spørsmål om vegprosjekt som store spleiselag (eks. Jondalstunnelen)

RS 88/14 Budsjett 2014 - gjennomføring av vedtak

RS 89/14 Nytteprinsippet - svar på spørsmål stilt i FUV 20.05.2014

RS 90/14 Regionalt bompengeselskap - status

RS 91/14 Høyring - FylkesRos Hordaland 2014

RS 92/14 Haukanesberget - spørsmål om tilleggsarbeid

RS 93/14 Handsaming av overtalssaker våren 2014

RS 94/14 Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr juni 2014

RS 95/14 Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2014 - pr juni

PS 148/14 Delegererte saker

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.06.2014

Vedtak

Delegert sak 10/14 vart referert.

DS 10/14 Fylkesveginvesteringar - omdisponering innafor programområde**PS 149/14 Status for utført EU prosjekt og framlegg til eit nytt nasjonalt Economusee prosjekt 2014-2016****Forslag til vedtak**

1. Fylkesutvalet tek statusmelding for EU prosjektet Craft International/Economusee til orientering
2. Fylkesutvalet godkjenner at det vert sendt inn ein søknad til KMD om eit nasjonalt Economusee prosjekt.
3. Under føresetnad av eit positivt vedtak frå KMD, tek Hordaland fylkeskommune på seg prosjektansvaret for eit nasjonalt Economusee utviklingsprosjektet.
4. Hordaland fylkeskommune sin økonomiske medverknad i det nasjonale Economusee prosjektet er knytt til ein eigeninnsats tilsvarande inntil 50% stilling.
5. Prosjektleiinga vert lagt ut til ekstern samarbeidspart på grunnlag av avtale med Hordaland fylkeskommune.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 03.06.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke

Innstilling

1. Fylkesutvalet tek statusmelding for EU prosjektet Craft International/Economusee til orientering
2. Fylkesutvalet godkjenner at det vert sendt inn ein søknad til KMD om eit nasjonalt Economusee prosjekt.
3. Under føresetnad av eit positivt vedtak frå KMD, tek Hordaland fylkeskommune på seg prosjektansvaret for eit nasjonalt Economusee utviklingsprosjektet.
4. Hordaland fylkeskommune sin økonomiske medverknad i det nasjonale Economusee prosjektet er knytt til ein eigeninnsats tilsvarande inntil 50% stilling.
5. Prosjektleiinga vert lagt ut til ekstern samarbeidspart på grunnlag av avtale med Hordaland fylkeskommune.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.06.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet tek statusmelding for EU-prosjektet Craft International/Economusee til orientering.

2. Fylkesutvalet godkjenner at det vert sendt inn ein søknad til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) om eit nasjonalt Economusee-prosjekt.
3. Under føresetnad av eit positivt vedtak frå KMD, tek Hordaland fylkeskommune på seg prosjektansvaret for eit nasjonalt Economusee utviklingsprosjekt.
4. Hordaland fylkeskommune sin økonomiske medverknad i det nasjonale Economusee-prosjektet er knytt til ein eigeninnsats tilsvarande inntil 50 % stilling.
5. Prosjektleiinga vert lagt ut til ekstern samarbeidspart på grunnlag av avtale med Hordaland fylkeskommune

PS 150/14 Bergen Filharmoniske Orkester 250-årsjubileum

Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune løyver kr som eit samla tilskot til jubileumsåret for Bergen filharmoniske orkester slik det er omtala i punkt/del 1,3 og 4 i søknaden.

Budsjettet vert endra slik;

Konto 10.400.735.00.14700 Tilskot til andre kulturføremål aukar med kr

Konto 10.720.200.00.14900 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 03.06.2014

Neshe Lie sette fram slikt fellesforslag:

«Kultur- og ressursutvalet tilrår at fylkesutvalet tildeler kr. 250 000 som jubileumstilskot til diverse prosjekt retta mot barn og unge/nytt publikum.»

Røysting

Lie sitt fellesforslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Kultur- og ressursutvalet tilrår at fylkesutvalet tildeler kr. 250 000 som jubileumstilskot til diverse prosjekt retta mot barn og unge/nytt publikum.

Fylkesutvalet løyver kr som eit samla tilskot til jubileumsåret for Bergen filharmoniske orkester slik det er omtala i punkt/del 1,3 og 4 i søknaden.

Budsjettet vert endra slik;

Konto 10.400.735.00.14700 Tilskot til andre kulturføremål aukar med kr

Konto 10.720.200.00.14900 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.06.2014

Mona Røsvik Strømme sette på vegner av H, Frp og V fram slikt forslag:

"Fylkesutvalget tildeler til Bergen Filharmoniske Orkesters 250-årsjubileum 250.000 kroner i gave.

Beløpet tas fra kontoen "Til rådvelde for fylkesutvalet"."

Røysting

Innstillinga fekk ingen røyster og fall.
Strømme sitt forslag var samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalget tildeler til Bergen Filharmoniske Orkestres 250-årsjubileum 250.000 kroner i gave.

Beløpet tas fra kontoen "Til rådvelde for fylkesutvalet".

PS 151/14 Premiss: Kultur - Regional kulturplan for Hordaland 2015 - 2025

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å sende på høyring og legge ut til offentleg ettersyn forslag til *Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*. Høyringsperioden vert 23. juni til 26. september 2014.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 03.06.2014

Svein Halleraker (H) sette fram slikt endringsforslag:

«Pkt 1.4.6

Ny ordlyd: Hordaland skal ha en selvstendig og offensiv kunst og kulturpolitikk lokalt, regionalt og internasjonalt»

Gunnar Bakke (Frp) sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Kultur- og ressursutvalet ber om at det i høyringsbrevet til Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025 blir lagt ved en del konkrete problemstillinger som det bes innspill på»

Siri Klokkerstuen (Ap) sette fram slikt oversendingsforslag om at følgjande vert teke med i følgjeskrivet til kommunane:

«Korleis ser ein på planen som eit verktøy for samordning mellom forvaltningsnivå?»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Halleraker sitt endringsforslag vart samrøystes vedteke.
Klokkerstuen og Bakke sine oversendingsforslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å sende på høyring og legge ut til offentleg ettersyn forslag til *Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*. Høyringsperioden vert 23. juni til 26. september 2014.

Endring pkt 1.4.6

Ny ordlyd: Hordaland skal ha ein sjølvstendig og offensiv kunst og kulturpolitikk lokalt, regionalt og internasjonalt.

Oversending

Kultur- og ressursutvalet ber om at det i høyringsbrevet til Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025 blir lagt ved ein del konkrete problemstillingar som ein ber om innspel på.

Korleis ser ein på planen som eit verktøy for samordning mellom forvaltningsnivå?

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.06.2014

I samband med behandlinga av saka fekk fylkesutvalet tilsendt utkast til høyringsbrev.

Mona Hellesnes sette på vegner av V, H og Frp fram slikt forslag:

"Tillegg til innstillinga:

I kap. 2.5, verkemiddel og støtteordningar – tilskot til drift (side 12 i høyringsutkastet), er det framlegg om at det skal fremmast ny søknad om driftsstøtte for kvart budsjettår, med frist 1. april.

Som ein del av høyringa vil fylkesutvalet at alternative tilskotsperiodar for tilskot til drift inngår, og ber om at alternativ med 3-årige løyvingar for driftstilskot vert tatt med i høyringa.

Fylkesutvalet legg til grunn at i ei slik alternativ ordning skal det likevel rapporterast årleg, men ein treng ikkje sende ny søknad. Etter 3-års perioden skal ei evaluering vere ein del av grunnlaget for vurdering av vidare driftsstøtte."

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Hellesnes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å sende på høyring og legge ut til offentleg ettersyn forslag til Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025. Høyringsperioden vert 23. juni til 26. september 2014.

Endring punkt 1.4.6

Ny ordlyd: Hordaland skal ha ein sjølvstendig og offensiv kunst- og kulturpolitikk lokalt, regionalt og internasjonalt.

I kap. 2.5, verkemiddel og støtteordningar – tilskot til drift (side 12 i høyringsutkastet), er det framlegg om at det skal fremmast ny søknad om driftsstøtte for kvart budsjettår, med frist 1. april.

Som ein del av høyringa vil fylkesutvalet at alternative tilskotsperiodar for tilskot til drift inngår, og ber om at alternativ med 3-årige løyvingar for driftstilskot vert tatt med i høyringa.

Fylkesutvalet legg til grunn at i ei slik alternativ ordning skal det likevel rapporterast årleg, men ein treng ikkje sende ny søknad. Etter 3-års perioden skal ei evaluering vere ein del av grunnlaget for vurdering av vidare driftsstøtte.

PS 152/14 Rehabilitering-ombygging-mindre tilbygg i skulesektoren - budsjettfordeling nr. 4 - 2014**Forslag til vedtak**

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren i 2014 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendingar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 62602000	02320	03242	Sandsli vgs. – Inneklima	750 000	
10 77702100	02320	03000	Rehab. / omb./ Tilbygg		750 000
				750 000	750 000

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.06.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren i 2014 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 62602000	02320	03242	Sandsli vgs. – Inneklima	750 000	
10 77702100	02320	03000	Rehab. / omb./ Tilbygg		750 000
				750 000	750 000

PS 153/14 Årsbudsjett 2015 / Økonomiplan 2015-2018. Økonomiske føresetnader og rammer.**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.06.2014**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet tek til orientering dei økonomiske rammene for perioden 2015-2018 slik dei er skisserte i denne saka. Rammene vert å justera i den grad ein får nye haldepunkt som gjev grunnlag for det.

PS 154/14 Samarbeidsprosjekt mellom Hordaland fylkeskommune-Lønborg videregående skole- og Tanga International Competence Center**Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet vedtek at Lønborg videregående skole opprettar eit samarbeid med Tanga International Competence Center Ltd (TICC) på fastlandet i Tanzania for å utarbeide eit tilbod til elevar og lærlingar i Vg2 helsearbeidarfag og barne- og ungdomsarbeidarfag om praksisopphald på ulike helse – og omsorgsinstitusjonar i Tanga frå skuleåret 2014 - 2015. Tilbodet vil i første omgang gjelde fram til opninga av nye Åsane videregående skole.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 03.06.2014**Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek at Lønborg videregående skole opprettar eit samarbeid med Tanga International Competence Center Ltd (TICC) på fastlandet i Tanzania for å utarbeide eit tilbod til elevar og lærlingar i Vg2 helsearbeidarfag og barne- og ungdomsarbeidarfag om praksisopphald på ulike helse– og omsorgsinstitusjonar i Tanga frå skuleåret 2014 - 2015. Tilbodet vil i første omgang gjelde fram til opninga av nye Åsane videregående skole.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.06.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtek at Lønborg videregående skole opprettar eit samarbeid med Tanga International Competence Center Ltd (TICC) på fastlandet i Tanzania for å utarbeide eit tilbod til elevar og lærlingar i Vg2 helsearbeidarfag og barne- og ungdomsarbeidarfag om praksisopphald på ulike helse- og omsorgsinstitusjonar i Tanga frå skuleåret 2014-2015.

Tilbodet vil i første omgang gjelde fram til opninga av nye Åsane videregående skole.

PS 155/14 Ikt-strategi for opplæringssektoren 2014-16**Forslag til innstilling:**

Fylkesutvalet vedtek IKT-strategi for opplæringssektoren 2014-15

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 03.06.2014**Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek IKT-strategi for opplæringssektoren 2014-15

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.06.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtek IKT-strategi for opplæringssektoren 2014-15.

PS 156/14 Praksisbrev - forsøk med etablering i Hordaland 2015**Forslag til innstilling:**

Fylkesutvalet vedtek å starte utprøving av ei ordning med praksisbrev. Ordninga skal starte opp med verknad frå hausten 2015 og evaluerast årleg. Etter gjennomført prøveperiode på 2 år skal det utarbeidast ein sluttrapport som grunnlag for å avgjere om ordninga skal gjerast permanent.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 03.06.2014**Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek å starte utprøving av ei ordning med praksisbrev. Ordninga skal starte opp med verknad frå hausten 2015 og evaluerast årleg. Etter gjennomført prøveperiode på 2 år skal det utarbeidast ein sluttrapport som grunnlag for å avgjere om ordninga skal gjerast permanent.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 27.05.2014

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda

Fylkesutvalet vedtek å starte utprøving av ei ordning med praksisbrev. Ordninga skal starte opp med verknad frå hausten 2015 og evaluerast årleg. Etter gjennomført prøveperiode på 2 år skal det utarbeidast ein sluttrapport som grunnlag for å avgjere om ordninga skal gjerast permanent.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.06.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtek å starte utprøving av ei ordning med praksisbrev. Ordninga skal starte opp med verknad frå hausten 2015 og evaluerast årleg. Etter gjennomført prøveperiode på 2 år skal det utarbeidast ein sluttrapport som grunnlag for å avgjere om ordninga skal gjerast permanent.

PS 157/14 Etablering av karrieresenter i Hordaland

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen si innstilling om å opprette eit tilbod om individuell karriererettleiing på Stord

- Tilbodet vert etablert som eit eitt-årig pilotprosjekt frå 1. januar 2015
- Tilbodet skal gjelde for heile Sunnhordland.
- Senteret vert lagt til vaksenopplæringa, Stord vidaregåande skule.
- Tenesta vert oppretta med to stillingar.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.06.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtek å opprette eit tilbod om individuell karriererettleiing på Stord.

- Tilbodet vert etablert som eit eitt-årig pilotprosjekt frå 1. januar 2015.
- Tilbodet skal gjelde for heile Sunnhordland.
- Senteret vert lagt til vaksenopplæringa, Stord vidaregåande skule.
- Tenesta vert oppretta med to stillingar.

PS 158/14 Namn på produksjonsskule

Forslag til vedtak

Den nyoppstarta produksjonsskulen i Møllendalsvegen får namnet **Hyssingen Produksjonsskule**

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.06.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Den nyoppstarta produksjonsskulen i Møllendalsvegen får namnet "Hyssingen Produksjonsskule".

PS 159/14 Rutebanken - felles forvaltning av rutedata og elektronisk billettering.**Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet godkjenner at fylkeskommunen går inn i selskapet Interoperabilitetstjenester AS
2. Finansiering av aksjekapital og driftskostnader vert dekkja innafor samferdselsbudsjettet.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 04.06.2014**Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner at fylkeskommunen går inn i selskapet Interoperabilitetstjenester AS
2. Finansiering av aksjekapital og driftskostnader vert dekkja innafor samferdselsbudsjettet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.06.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner at fylkeskommunen går inn i selskapet Interoperabilitetstjenester AS.
2. Finansiering av aksjekapital og driftskostnader vert dekt innanfor samferdselsbudsjettet.

PS 160/14 Utarbeiding av moglegheitsstudium for fylkesvegsamband med tilknytning til E39 Akسدal-Os**Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet ber om at det blir sett i gang arbeid med eit mulegheitsstudium for tverrsamband til E39 for strekninga Os-fylkesgrensa mot Rogaland. Denne skal ta føre seg tekniske, økonomiske og miljømessige aspekt ved nye samband og mulege arealbrukskonflikatar. Den skal særleg fokusere på det overordna fylkesvegnettet som blir tverrsamband til ny E39, men òg vurdere konsekvensar for kollektivtilbodet, samt konsekvensar for det øvrige fylkesvegnettet av mulege nærings- og bustadutbygging i området.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 04.06.2014

Tom Skauge sette fram forslag til utsetjing.

Fylkesutvalet meiner det er for tidleg å starte ein moglegheitsstudium for fylkesvegsamband med tilknytning til E39 Akسدal-Os. Fylkesutvalet ønskjer først betre avgjerdsgrunnlag:

- a) Kunnskap om CO2 utslepp frå produksjon og drift av vegen
- b) Regjeringa sitt forslag til planprogram

Røysting

Tom Skauge sitt forslag til utsetjing fekk 1 røyst og fall.

Tom Skauge sette fram forslag om tilleggspkt.

Mogelegheitsstudien skal:

- a) Vurdera CO2 utslepp for alle alternativ.
- b) Vilkår for kollektivtilbodet for alle alternativ.
- c) Effekten for trafikken i Bergensdalen.

Pål Kårbø sette på vegne av KRF, SV, SP, A fram forslag til nytt pkt i innstillinga.

Mogelegheitsstudien bør geografisk strekkjast til Bergen for også å kunna vurdera «påkopling» frå indre Hordaland.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Pål Kårbø sitt forslag til tilleggspkt fekk 6 røyster (A, SP, SV, KRF) og fall.

Tom Skauge sitt forslag til nye pkt fekk 1 røyst og fall.

Innstilling

Fylkesutvalet ber om at det blir sett i gang arbeid med eit mulegheitsstudium for tverrsamband til E39 for strekninga Os-fylkesgrensa mot Rogaland. Denne skal ta føre seg tekniske, økonomiske og miljømessige aspekt ved nye samband og mulege arealbrukskonfliktar. Den skal særleg fokusere på det overordna fylkesvegnettet som blir tverrsamband til ny E39, men òg vurdere konsekvensar for kollektivtilbodet, samt konsekvensar for det øvrige fylkesvegnettet av mulege nærings- og bustadutbygging i området.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.06.2014

Pål Kårbø sette på vegner av KrF, SV, Sp, A, H, V og Frp fram slikt forslag:

"Fylkesutvalet ber om at det blir sett i gang arbeid med eit moglegheitsstudium for tverrsamband til E39 for strekninga Bergen-fylkesgrensa mot Rogaland.

Denne skal ta føre seg tekniske, økonomiske og miljømessige aspekt ved nye samband og moglege arealbrukskonfliktar. Den skal særleg fokusere på det overordna fylkesvegnettet som blir tverrsamband til ny E39, men òg vurdere konsekvensar for kollektivtilbodet, samt konsekvensar for det øvrige fylkesvegnettet av mogleg nærings- og bustadutbygging i området."

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Mogelegheitsstudien skal:

- a) Vurdera CO2 utslepp for alle alternativ.
- b) Vilkår for kollektivtilbodet for alle alternativ.
- c) Effekten for trafikken i Bergensdalen."

Røysting

Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for innstillinga.

Oen sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Vedtak

Fylkesutvalet ber om at det blir sett i gang arbeid med eit moglegheitsstudium for tverrsamband til E39 for strekninga Bergen-fylkesgrensa mot Rogaland.

Denne skal ta føre seg tekniske, økonomiske og miljømessige aspekt ved nye samband og moglege arealbrukskonfliktar. Den skal særleg fokusere på det overordna fylkesvegnettet som blir tverrsamband til ny E39, men òg vurdere konsekvensar for kollektivtilbodet, samt konsekvensar for det øvrige fylkesvegnettet av mogleg nærings- og bustadutbygging i området.

PS 161/14 Sotrasambandet - Rapport om dimensjonering av ny Sotrabru for framtidig bybane - Orienteringssak

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.06.2014

Saka vart behandla som RS (referatsak/melding).

PS 162/14 Prosjektet - Spontan samkøyring - og etablering av ein offentleg samkøyringsplattform

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek å støtte ein vidareføring av prosjektet «Spontan samkøyring» med 1,5 mill kr. Dekning for utgiftene vert å kome attende til i 2015-budsjettet.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 04.06.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek å støtte ein vidareføring av prosjektet «Spontan samkøyring» med 1,5 mill kr. Dekning for utgiftene vert å kome attende til i 2015-budsjettet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.06.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtek å støtte ei vidareføring av prosjektet "Spontan samkøyring" med 1,5 mill. kr. Dekning for utgiftene vert å kome attende til i 2015-budsjettet.

PS 163/14 Regional plan for vassregion Vest-Viken - utsending på høyring

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å senda på høyring forslag til

Regional plan for vassregion Vest-Viken, 2016-2021 med regionalt tiltaksprogram, handlingsprogram og overvakingsprogram.

2. Høyringsperioden vert 1.7 – 31.12. 2014.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 03.06.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å senda på høyring forslag til Regional plan for vassregion Vest-Viken, 2016-2021 med regionalt tiltaksprogram, handlingsprogram og overvakingsprogram.
2. Høyringsperioden vert 1.7 – 31.12. 2014.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.06.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å senda på høyring forslag til "Regional plan for vassregion Vest-Viken, 2016-2021" med regionalt tiltaksprogram, handlingsprogram og overvakingsprogram.
2. Høyringsperioden vert 01.07-31.12.2014.

PS 164/14 Regional plan og tiltaksprogram for Vassregion Hordaland – utsending på høyring

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å senda på høyring forslag til Regional plan for Vassregion Hordaland 2016-2021 med regionalt tiltaksprogram.
2. Høyringsperioden vert 1.7 – 31.12. 2014. Fylkesutvalet oppmodar statlege sektormynde til å levere fråsegn tidleg i høyringsperioden.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 03.06.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke

Innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å senda på høyring forslag til Regional plan for Vassregion Hordaland 2016-2021 med regionalt tiltaksprogram.
2. Høyringsperioden vert 1.7 – 31.12. 2014. Fylkesutvalet oppmodar statlege sektormynde til å levere fråsegn tidleg i høyringsperioden.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.06.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å senda på høyring forslag til "Regional plan for Vassregion Hordaland 2016-2021" med regionalt tiltaksprogram.
2. Høyringsperioden vert 01.07.-31.12.2014. Fylkesutvalet oppmodar statlege sektormyndene til å levere fråsegn tidleg i høyringsperioden.

PS 165/14 Regional plan for vassregion Rogaland - utsending på høyring

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å senda på høyring forslag til Regional plan for vassregion Rogaland, 2016-2021 med regionalt tiltaksprogram.
2. Høyringsperioden vert 1.7 – 31.12. 2014.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 03.06.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å senda på høyring forslag til Regional plan for vassregion Rogaland, 2016-2021 med regionalt tiltaksprogram.
2. Høyringsperioden vert 1.7 – 31.12. 2014.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.06.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å senda på høyring forslag til "Regional plan for vassregion Rogaland, 2016-2021" med regionalt tiltaksprogram.
2. Høyringsperioden vert 01.07.-31.12.2014.

PS 166/14 Klimaplan for Hordaland - handlingsprogram 2014 - til lenging av Clean North Sea Shipping-prosjektet for Bergen hamn

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner bruk av kr 350.000 i Klimaplan for Hordaland - handlingsprogram 2014 til «Lenging av Clean North Sea Shipping-prosjektet for Bergen hamn med vekt på landstraum, LNG, differensierte hamneavgifter og miljøplan».
2. Dette prosjektet blir hermed eit nytt tiltak i klimaplanens handlingsprogram.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.06.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner bruk av kr 350.000 i Klimaplan for Hordaland - handlingsprogram 2014 til "Lenging av Clean North Sea Shipping-prosjektet for Bergen hamn med vekt på landstraum, LNG, differensierte hamneavgifter og miljøplan".

2. Dette prosjektet blir hermed eit nytt tiltak i klimaplanens handlingsprogram.

PS 167/14 Søknad om investeringstilskot til etablering av landstraumanlegg i Bergen hamn

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.06.2014

Mona Hellesnes sette på vegner av V, H og Frp fram slikt forslag:

"Tillegg til innstillinga:
Tilskotet vert finansiert frå disposisjonsfondet."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Hellesnes sitt forslag var samrøystes vedteke.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune gjev tilsegn om eit tilskot på kr 1.500.000 til det omsøkte prosjektet landstrøm i Bergen hamn.

Tilskotet vert finansiert frå disposisjonsfondet.

PS 168/14 Oppstart av regional plan for kompetanse og arbeidskraft

Forslag til vedtak

1. Arbeidet med planprogram for regional plan for kompetanse og arbeidskraft startar opp i tråd med regional planstrategi for Hordaland 2012-2016 med dei presiseringar som er foreslått
2. Fylkesrådmannen legg fram forslag til planprogram for politisk handsaming.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.06.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Arbeidet med planprogram for regional plan for kompetanse og arbeidskraft startar opp i tråd med regional planstrategi for Hordaland 2012-2016 med dei presiseringane som er foreslått.
2. Fylkesrådmannen legg fram forslag til planprogram for politisk handsaming.

PS 169/14 Godtgjersle til elektroniske kommunikasjonstenester

Forslag til innstilling

Reglement om Godtgjersle til elektroniske kommunikasjonstenester blir vedteken slik det ligg føre i vedlegg til saka.

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 03.06.2014

Innstilling

Reglement om Godtgjersle til elektroniske kommunikasjonstenester blir vedteken slik det ligg føre i vedlegg til saka.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.06.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Reglement om "Godtgjersle til elektroniske kommunikasjonstenester" blir vedteken slik det ligg føre i vedlegg til saka.

PS 170/14 Sommarfullmakt til fylkesordføraren**Forslag til vedtak**

I dei sommarvekene fylkesutvalet ikkje har møte, har fylkesordføraren fullmakt til å gjera vedtak på vegner av fylkesutvalet i saker som ikkje er av prinsipiell rekkevidd. Melding om vedtak gjort etter slik fullmakt vert å leggja fram for fylkesutvalet i første møte etter ferien.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.06.2014

Saka vart trekt frå sakskartet.

PS 171/14 Ymse**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.06.2014**

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: 149-15, 1252-169, 151/14.

PRESENTASJON: VEKSLINGSMODELLEN

Vekslingsmodellen i Hordaland fylkeskommune vart presentert av prosjektleiar Trond-Harald Alvær og fire elevar ved Olsvikåsen videregående skole: Siren Lægreid, Sarah Marie Antonsen, Michelle Larsen Teisbo og Victoria Landro.

INNSENDE SPØRSMÅL

Mona Røsvik Strømme hadde sendt inn slikt spørsmål:

"Trafikksituasjon ved Hylkjekrysset!

Jeg har tidligere spurt om hva som gjøres med trafikksituasjonen ved Hylkjekrysset. Dette er et farlig og uoversiktlig kryss og vanskelig for beboere å komme over og inn på E-39. Hvordan er ståa?"

Svar på spørsmålet vart gjeve i melding 231/2013 om trafikksikringstiltak i Hylkjekrysset på E 39 til fylkesutvalet 31.10.2013.

Strømme stilte slikt tilleggsspørsmål:

"Kan samferdsel komme med en oppdatering om lysregulering er utført?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"Fylkesrådmannen har henta inn svar frå Statens vegvesen, og har fått følgjande tilbakemelding:

"Tiltaket inngår i same kontraktsgrunnlag som Valenkrysset på Sotra og lysregulering av gangfelt ved Bergen fengsel. Desse tiltaka er finansiert gjennom Handlingsprogram NTP. Det har teke noko tid med å prosjektere desse tiltaka, men det er no klart for utlysing. Ut frå dette ser ein føre seg at kontrakt vert inngått i september, med ei ferdigstilling ved årsskiftet, eller tidleg i 2015."

Nils-Olav Næss hadde sendt inn slikt spørsmål:

"Busstilbud for elevene ved toppidrettslinjen på Tertnes

Ved at vi hadde fått til en transportløsning med ekspressbuss fra Lagunen via bystasjonen til Tertnes så ville dette ha lettet hverdagen for mange utøvere.

Er litt usikker på tid – men tror at dersom bussen hadde gått 07.20, så vil de rekke ut til skolestart.

Vi tenker også at en ekspressbuss tilbake etter skoleslutt kl. 15.25 hadde vært veldig bra slik at utøverne rekker treninger som gjerne starter allerede kl. 15.30/16.00."

Fylkesordføreren svarte slik:

"Skyss har forståing for ønsket om rask og effektiv kollektivtransport for elevane ved toppidrettslinja på Tertnes. Svært mange tilsvarande grupper og målpunkt har same ønske om løysingar som er tilpassa akkurat deira behov, og Skyss har ikkje moglegheit til å innfri alle desse. Vedtekne strategiar for kollektivtrafikken slår fast at Skyss har ei viktig oppgåve i å bygge opp eit enkelt og effektivt linjenett som flest mogleg kan nytte seg av. Skreddarsydde tilbod til mindre grupper er ikkje i tråd med dette arbeidet.

Med dagens tilbod kan elevane i dag til dømes bruke linje 30E til/frå Bergen busstasjon via Festplassen til skulen og via Olav Kyrresgate frå skulen. Dette er eit ekspresstilbod med stopp "Botnane" ved idrettsanlegget like ved skulen. Med avgangen kl. 07:26 vil dei vere på skulen ca. kl. 07:50. Same ekspresslinje går tilbake til Bergen busstasjon ca. kl. 15:10 og 15:40. I sentrum er det frekvente tilbod både til Lagunen og andre område av byen, og som gir raske byte/ overgangar.

Også linje 5 passerer om lag 500 meter frå skulen. Denne linja vil få auka frekvens til hausten. Linje 30 er eit tilbod inn til Åsane terminal. Frå Åsane er det eit hyppig tilbod til sentrum."

Nils-Olav Næss stilte i 27. mars 2014 slikt spørsmål i fylkesutvalet:

"Ettertankens dag i Hordaland

Viser til arrangement for pårørende og etterlatte etter trafikkulykker i regi av Trygg Trafikk i Hordaland.

Det har vært medieoppslag der pårørende har reagert på at deler av arrangementet i 2014 hadde sterkt religiøst innhold.

Spørsmål:

Vil fylkesordføreren ta kontakt med de involverte organisasjoner, og gjennom dette arbeide for at arrangementene i fremtiden blir gjort livssynsneutrale slik at alle berørte blir ivaretatt?"

Fylkesordføreren svarte slik:

Hordaland fylkeskommune har gjennom fylkestrafikksikringsrådet (FTR) støtta arrangementet "Ettertankens Dag" økonomisk i dei åra arrangementet har vore haldne.

Om "Ettertankens Dag":

Arrangementet starta i 1998 som ei minnemarkering etter initiativ frå ei rekkje organisasjonar og institusjonar. I 2007 endra minnemarkeringa litt på forma og blei til Ettertankens dag.

Arrangementet er todelt med ein middag fyrst og eit arrangement i kyrkja etterpå. Det er brei tilslutnad til arrangementet både frå organisasjonslivet og frå dei pårørande.

Fylkesordføraren vil rose dei involverte partane for initiativet til ein slik markering og meiner det er viktig at vi kan samlast på tvers av livssyn og samfunnsdelar til felles ettertanke. For svært mange pårørande er kyrkja eit naturleg samlingspunkt. Arrangørane opplyser at dei pårørande kjem frå ulike livssyn og religiøse ståstader.

Vi kan ikkje gjere det beste til det godes fiende, arrangementet har vist seg å famne mange menneske over mange år. Fylkesordføraren kjem difor ikkje til å ta noko initiativ overfor arrangørane og seier seg tilfreds med den informasjonen arbeidsutvalet for Etertankens Dag har gjeve og som er gjengitt i dette svaret.

Informasjon frå AU Etertankens dag:

"Arrangementet ble startet i 1998 med følgende aktører: Landsforeningen for trafikkskadde, Hordaland politi, Gjensidige, Bergen Brannvesen (ambulansetjenesten), Trygg Trafikk og Bjørgvin Bispedømme. I alle år har samlingen i kirken vært hovedplattform for arrangementet. Først appeller på Torgalmenningen, så fakkeltog til kirken. Minnemarkeringen for omkomne i trafikken ble enstemmig vedtatt nedlagt av Allmøte i 2007.

Etertankens dag ble nystiftet etter en tid, av de fleste tidligere eiere, med eget organisasjonsnummer i Brønnøysundregistrene, kasserer ble ansatt og nytt AU ble valgt av det nye Allmøte.

Arrangementet: Etertankens dag ble vedtatt todelt. Samtlige pårørende ble invitert til middag, dernest en minnemarkering i kirken. Til alle arrangementene så langt, har det deltatt representanter fra regjering/Storting, Hordaland fylke og andre vesentlige aktører i trafikksikkerhetsarbeid. Hvert år deltar personer fra andre trossamfunn. Vi har hatt med oss humanetikere, muslimer og flere som ikke har kirketilhørighet. Uten at plassering av sted har vært problematisert.

I invitasjonene til de pårørende kommer det helt klart frem at arrangementet er todelt, felles middag, og så fortsettelse i kirken.

Allmøte er gjort kjent med at en person har gjort innsigelse mot del to av arr. og ønsker en livssynsnøytral møteplass for del to. (De siste innspill i BA om at en org. nå går ut og vil arrangere livssynsnøytral markering, er den samme som tidligere foreslo bruk av kirken til arr. Ved en senere anl. ønsket samme org. å lage en konkurrerende markering, også da var en frikirke inne som del av arr.) Allmøtet har ikke hatt mulighet til å diskutere de siste innspill i BA om markeringen.

Ved evaluering etter siste Minnemarkering, ble kritikken fra en humanetiker referert og diskutert. Samarbeidspartnerne ble enige om å ta hennes synspunkt til etterretning, men foreløpig ikke å gjøre endringer i opplegget, men presisere i innbydelsen at navnelesing på den/de omkomne kan familiene reservere seg mot. Saken blir drøftet på ny i Allmøte i mai.

AU er kjent med at i de fylker tilsvarende arrangement blir gjennomført, er kirkene det naturlige samlingsstedet. Unntaket er Agderfylkene. I Rogaland blir invitasjonen til arr. sendt ut fra Biskopen i Rogaland."

Informasjon om Hordaland fylkeskommune (HFK) si støtte til arrangementet:

Det tidlegare Fylkestrafikksikringsrådet (FTR) har over mange år støtta dette arrangementet økonomisk. Dei siste åra har støtta vore følgjande (for arrangement det påfølgjande året, ettersom minnemarkeringa er i januar, og dei søker før nyttår):

2010: 81.500,-
 2011: 91.000,-
 2012: 37.000,-
 2013: 58.500,-

Samferdselsavdelinga i HFK har ikkje delteke på arrangementet, og har heller ikkje vore med i arbeidsgruppa/komiteen, men Trygg Trafikk sin representant i FTR/FTU har vore med der. Politisk har også fylkeskommunen ved fleire høve vore representert på sjølve arrangementet. Når det gjeld programmet for dagen, så har ikkje FTR i si handsaming av søknaden sett vilkår til kva dette skal innehalde. Dette er på lik linje med alle andre slike trafikksikringsarrangement som FTR/FTU gjev tilskot til, jf. trafikksikringsdagar for skuleelevar, sykkeldagar for born osb."

OPEN TIME

Sveinung Valle hadde sendt inn slike spørsmål:

"Det har i seinare tid kome tydelege indikasjonar på at leverandørbedriftene innan petroleumsnæringa i Hordaland har fått store utfordringar.

Bakgrunnen for dette er at Statoil og dei fleste andre store operatørane på norsk sokkel har starta omfattande prosessar for å kutta kostnader og effektivisere drifta.

Ca. 20000 personar i Hordaland er gjennom fast arbeid knytt til dei regionale olje og gassaktivitetane.

Den årlege verdiskapinga nærmar seg 250 mrd. kroner.

Me bør både politisk og administrativt i fylkeskommunen vera opptatt av den viktigaste og mest verdiskapande næringa i fylket.

Korleis ser fylkesrådmannen på følgjande:

- At det er viktig for fylkeskommunen å få ein oversikt over kor mange tilsette og bedrifter som vert berørt av innstrammingane frå oljeselskapa.
- Få oversikt over kor sårbare desse bedriftene er.
- Få oversikt over kva bedriftsleiarane sjølve meiner kan eller bør gjerast.
- Om fylkeskommunen/regionalavdelinga eller andre, t.d. HOG energi, bør gjennomføre eit slikt arbeid."

Det vil kome svar i neste møte.

Inge Reidar Kallevåg kommenterte at eldre og rørslehemma bør sleppe å stå i lang kø for å få billetter på hurtigbåtar i Sunnhordland. Det ser ut som dette ikkje heilt fungerer som forventa. Direktøren for Skyss, Oddmund Sylta, svarte at dei handhaldne verkøya vil verte oppgraderte. Han reknar med at dette og at operatørane i større grad nyttar handhaldne terminalar vil betre situasjonen.

Inge Reidar Kallevåg spurde kvifor mobilkonto er billegare enn andre. Direktøren for Skyss opplyste at dei som kjøper enkeltbillett og betalar med Skysskortet eller mobilkonto i Skyss Billett-appen får 17 % rabatt på ordinær pris.

Mona Røsvik Strømme kommenterte at systemet er så tregt at enkelte ikkje validerer billetten sin før dei går om bord på buss eller bane. **Nils-Olav Næss** spurde kva som skjer dersom publikum ikkje validerer billetten. Direktøren for Skyss stadfesta at hastigheita varierer på valdatorane. Dei gamle verkøya vil verte skifta ut etter kvart. Ein kan ikkje påby publikum å validere billetten. Det kan vere aktuelt med eit system for å telje passasjerar.

Mona Røsvik Strømme spurde kva fylkeskommunen gjer med det som ser ut til å verte eit aukande problem med rusa personar på Bybanen og bussar. Direktøren for Skyss svarte at Skyss er i dialog med m.a. operatør og politiet om problemstillinga.

Terje Søviknes viste til at Grieg-koret får direkte løyving frå Kulturdepartementet. Det manglar avtale om samfinansiering mellom departementet, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune slik som for andre nasjonale institusjonar. Fylkesordføraren vil følgje opp dette.

Aud Karin Oen stilte slikt spørsmål:

"Kan fylkesutvalet få ei oversikt over organisasjonane som hadde presentasjon under fylkestinget i Myrkdalen. Herunder og oversikt over økonomi, ansvarsområde, samarbeid."

Fylkesordføreren vil følge opp dette.

Aud Karin Oen viste til at det enno ikkje er kome lys på Nautnes bru. Fylkesdirektøren for samferdsel opplyste at Hordaland fylkeskommune skal møte Øygarden kommune og Statens vegvesen om problemstillinga.

Aud Karin Oen og **Mona Hellesnes** viste til oppslag i BT om at NSB ikkje har Ringeriksbanen med i sine planar. Dei viste også til rapport av 19.06.2014 utarbeidd av Statens vegvesen og Jernbaneverket om "Ringeriksbanen og E16 Skaret-Hønefoss: Muligheter for felles korridor for jernbane og veg". Fylkesordføreren vil syte for at dagleg leiar for Forum nye Bergensbanen vert invitert til fylkesutvalet for å informere om status.